



Johannes Torsvik
Maråsvegen 117
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/865 - 18/11082

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.04.2018

Registrert feil/mangel ved slamtømming - gbnr 91/5 Brundtland

Lindås kommune har 08.03.2018 motteke melding frå Norvar 24 Birkeland om at det ved utført slamtømming er avdekka manglande kammerinndeling i slamavskiljaren på eigedomen gbnr 91/5.

Vi har registrert at eigedomen har eit avlaupsanlegg for to bueiningar med slamavskiljar og vidare reinsing i sandfiltergrøft. God slamavskiljing er viktig for at avlaupsanlegget skal fungera tilfredsstillande.

Med bakgrunn i meldinga frå føretaket som utfører slamtømming ber vi om at det vert gjort greie for kva type slamavskiljar som er sett ned og kva tilstand denne har. Vi ber om at det vert gitt tilbakemelding til kommunen innan **01.05.2018**.

Tilbakemelding sender du til:

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for tilbakemelding.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Johannes Torsvik

Maråsvegen 117 5955

LINDÅS